

VEDLEGG 1 Rapporteringskrav og årleg melding

Dei regionale helseføretaka skal rapportere i årleg melding på oppfølging av mål, oppgaver og styringskrav som er stilte i oppdragsdokumentet og føretaksmøtet, jf. lov om helseforetak § 34 og vedtektene § 15. All rapportering skal skje elektronisk til postmottak@hod.dep.no og med kopi til rapportering@hod.dep.no

Regionale helseføretak har ansvar for å melde frå til eigar om vesentlege avvik i forhold til om dei måla som er planlagt vert nådde. Dette gjeld òg eventuelle avvik frå framdriftsplan og kostnadsrammer for større byggeprosjekt.

Helse- og omsorgsdepartementet minner òg om tidlegare stilte eigarkrav som framleis er gyldige for verksemda til føretaka, utan at desse er særskilt omtalt eller at det er stilt krav om rapportering i 2025.

1 Rapportering gjennom ØBAK 2025

Det skal rapporterast til Helse- og omsorgsdepartementet gjennom ØBAK 2024 (økonomi, bemanning, aktivitet og kvalitet). ØBAK 2025 og tilhøyrande informasjon skal som hovudregel vere behandla av styret før det blir sendt til Helse- og omsorgsdepartementet. Som eit minstekrav vert det lagt til grunn at styret får kopi av det som vert sendt til Helse- og omsorgsdepartementet.

Gjennom ØBAK 2025 vert opplegget for rapportering ført vidare slik det er gjort tidlegare år, med nokre endringar. Det blir lagt til grunn at det resultatoppsettet som vert nytta ved rapportering til eigar òg blir nytta ved styrebehandling i det regionale helseføretaket og i helseføretaksgruppa. Det skal rapporterast til eigar på den økonomiske utviklinga i helseføretaksgruppa kvar månad. Av omsyn til både ferieavvikling og behovet for oppdaterte resultat og prognosar for året, skal resultata for juni og juli rapporterast i same sending med frist 20. august 2025.

1.1 Nærmare om rapporterings- og oppfølgingsmøter i 2025

I oppfølgingsmøta med dei regionale helseføretaka skal dei gjere greie for rapporteringa gjennom ØBAK, samt ev. andre saker som er meldt inn til dagsorden.

1.2 Fristar for rapportering

- Frist for innsending av innspel til statsbudsjettet 2027 er 1. desember 2025, medrekna oppdaterte lånebehov for 2027–2030, jf. fliken "Investeringer" i ØBAK.
- Frist for innsending av årleg melding for 2025 er 15. mars 2026.
- Rapportar som skal leverast per tertial, skal sendast Helse- og omsorgsdepartementet snarast mogleg og seinast innan ein månad etter utløpet av rapporteringsperioden.
- Skjema for rapportering av ØBAK 2025 skal vere Helse- og omsorgsdepartementet i hende innan fristane som er sett opp i dokumentet under fliken "Veiledning i bruk".
- Melding om konvertering av lån til investering skal sendast innan 15. januar og 30. juni 2025.
- Eventuelle endringar i antatt lånebehov for 2026 med konsekvensar for dei neste åra, skal ein melde innan 1. juni 2025, jf. fliken "Investeringer" i ØBAK.

Vedlegg 1 omfattar følgjande

- 1a) Tabell med oversikt over rapporteringskrava og tidsfristar 2025
- 1b) Rapporteringsskjema ØBAK 2025, excel-fil sendast i eiga sending.

VEDLEGG 1a: Oversikt over rapporteringskrav og tidsfristar 2025

1 Føretaksmøtet 15. januar 2025 – krav og rammer for 2025

Frå føretaksmøtet 15. januar 2025 skal Helse Vest RHF rapportere på:

Sak	Krav til rapportering
Økonomisk resultatkrav og endring i driftskredittramma	Månadleg rapportering i ØBAK. Kommentarar til utviklinga sendast i eige dokument innan same fristar. Omtale i årleg melding av (forventa) årsresultat og den økonomiske situasjonen.
Investeringslån	Omtale i årleg melding av større lånefinansierte investeringar.

2 Oppdragsdokument 2025

Frå oppdragsdokumentet 2025 skal Helse Vest RHF rapportere på:

2.1 Mål og indikatorar

Kvalitative mål	Krav til rapportering
Pasientar med store og samansette behov, medrekna skrøpelege eldre og personar med alvorlege psykiske lidningar og rusmiddelproblem, barn og unge med store og samansette behov og personar med fleire kroniske lidningar, skal få samanhengande tenester med trygge overgangar til den kommunale helse- og omsorgstenesta og få dekt behova sine for habilitering og/eller rehabilitering.	Kvalitativ rapportering i årleg melding for 2025. RHF-et skal beskrive korleis det har vore arbeidd i regionen for å realisere målet.
Kvinner skal oppleve eit samanhengande, trygt og heilskapleg tilbod gjennom svangerskap, fødsel og barseltida.	Kvalitativ rapportering i årleg melding for 2025. RHF-et skal beskrive korleis det har vore arbeidd i regionen for å realisere målet. Om resultata frå Helsedirektoratet si brukarundersøking om svangerskaps-, fødsels- og barselomsorgen i 2025 er publisert, bør desse inngå i rapporteringa.

Spesialisthelsetenesta skal arbeide systematisk med prioritering og unngå overbehandling og overdiagnostikk	Kvalitativ rapportering i årleg melding for 2025. RHF-et skal beskrive korleis det har vore arbeidd i regionen for å realisere målet. For arbeidet i system for Nye metodar ber departementet om at årsoppsummeringa RHF-a utarbeider vert sendt i samband med årleg melding.
Det skal vere trygt for tilsette i spesialisthelsetenesta å melde om uønskte hendingar og forbettringspunkt, og system og kultur som helseføretaka har for tilbakemelding, oppfølging og læring skal bidra til færre pasientskadar.	Kvalitativ rapportering i årleg melding for 2025. RHF-et skal beskrive korleis det har vore arbeidd i regionen for å realisere målet.

Indikatorar	Krav til rapportering
Gjennomsnittleg ventetid for Helse Vest RHF skal i 2025 vere lik eller under 61 dagar i somatikken, 44 dagar i psykisk helsevern vaksne, 45 dagar i psykisk helsevern barn og unge og 33 dagar i tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB).	Datakjelde: FHI Det regionale helseføretaket skal rapportere på måloppnåinga i årleg melding for 2025 for de fire fagområda.
Omfanget av pakkeforløp gjennomført innanfor standard forløpstid for kvar av dei 24 kreftformene skal vere minst 70 pst.	Datakjelde: FHI Det regionale helseføretaket skal rapportere på måloppnåinga i årleg melding for 2025 for de 24 kreftformene.
Regionen skal halde minst 95 pst. av pasientavtalane (maks 5 pst. passert planlagt tid) innanfor alle fagområda.	Datakjelde: FHI Det regionale helseføretaket skal rapportere på måloppnåinga i årleg melding for 2025 for alle fagområde.
Regionen skal ha ein reduksjon i reinnleggingar som kan førebyggjast gjennom god samhandling innanfor somatikk, psykisk helsevern og TSB.	Ei reinnlegging er definert som ei akutt sjukehusinnlegging mellom åtte timar og 30 dagar etter utskriving frå sjukehus. Det regionale helseføretaket skal rapportere på måloppnåinga i årleg melding for 2025. Rapporteringa skal inkludere ei beskriving av hvilke tiltak som er iverksett i regionen for å forebygge reinnlegging. Rapporteringa skal inkludere ei oversikt over utvikling i talet på reinnleggingar per

	fagområde og ei vurdering av variasjon mellom helseføretaka i regionen.
Realveksten i kostnader innanfor psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling skal vere høgare enn den demografiske veksten lagd til grunn i Prop. 1 S (2024–2025).	Datakjelde: RHF-a sine rekneskapstal. Det inneber at den nominelle kostnadsveksten skal være høgare enn 5,0% for psykisk helsevern vaksne, 4,3% for psykisk helsevern barn og unge og 4,9% for TSB (tilsvarande sum deflator på 4,1% og budsjetttert vekst i demografisk behov i 2025 per fagområde). Det skal rapporterast tertialvis gjennom året, samanlikna med 2024. Det skal rapporterast på måloppnåing i årleg melding i 2025.

2.2 Oppdrag

Nr.	Tittel	Rapportering
Rask tilgang til trygge helsetenester av høg kvalitet og samanhengande pasientforløp		
HV25-01	Ventetidsløftet	Det regionale helseføretaket rapporterer til møta for partnerskapet i Ventetidsløftet på om faktisk aktivitet samsvarar med berekningane av kapasitet lagt til grunn i føretaksmøtet 5. november 2024, slik at gjennomsnittleg ventetid i alle fagområde i juni 2025 er lik eller under juni 2019. Det skal vere rapportering på tiltak som er sett i verk for å sikra tilstrekkeleg kapasitet, inkludert uvissebuffer på minimum 20 prosent. Frist 1. februar for kartlegging av kapasitet hos private aktørar.
HV25-02	Behovsstyrt poliklinikk og digital heimeoppfølging	Rapportering i årleg melding.
HV25-03	Gjennomgang av område med lengst ventetider og ventelister	Rapportering i årleg melding.
HV25-04	Legemiddellista til pasienten	Rapportering i <i>Felles plan 2026</i> . Frist for utkast til felles plan er 15.09.2025,

		endeleg frist er 15.10.2025. Rapportering i årleg melding.
HV25-05	Pasienten sine prøvesvar	Rapportering i <i>Felles plan 2026</i> . Frist for utkast til felles plan er 15.09.2025, endeleg frist er 15.10.2025. Rapportering i årleg melding.
HV25-06	Pasienten sine journaldokument	Rapportering i <i>Felles plan 2026</i> . Frist for utkast til felles plan er 15.09.2025, endeleg frist er 15.10.2025. Rapportering i årleg melding.
HV25-07	Pasienten sine måledata	Rapportering i <i>Felles plan 2026</i> . Frist for utkast til felles plan er 15.09.2025, endeleg frist er 15.10.2025. Rapportering i årleg melding.
HV25-08	Digitalt helsekort for gravide	HSØ rapporterer.
HV25-09	Spesialisthelsetenester til den samiske befolkninga.	Rapportering i årleg melding. Det skal rapporterast på status for arbeidet med regionale tiltaksplanar og tiltak i planane.
Styrkje psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling		
HV25-10	Tidleg avklaring eller vurderingssamtale	Rapportering i årleg melding for 2025.
HV25-11	Spesialisert rusbehandling for barn og unge	Rapportering på status for arbeidet i årleg melding for 2025. Endeleg rapportering i årleg melding for 2026. Frist 16. mai 2026.
HV25-12	Tvangsmiddel og tvangsinnleggingar i psykisk helsevern	Rapportering på status for arbeidet i årleg melding for 2025. Endeleg rapportering i årleg melding for 2026. Frist: 16. mai 2026
HV25-13	Leggje til rette for forenkla registrering i reviderte pasientforløp	Rapportering på førebels status og framdrift i årleg melding 2025. Frist: 16. mai 2026
HV25-14	Stadlege tenester i fengsel	Frist: 16. mai 2026
Kunnskapsbaserte og berekraftige tenester gjennom forskning, innovasjon og næringslivssamarbeid		

HV25-15	Raskare implementering og spreiding av teknologiske løysningar	Rapportering i årleg melding.
HV25-16	Betre bruk av helsedata	Rapportering i årleg melding.
HV25-17	Nasjonal samordning av personvern-vurderingar av forskingsprosjekt	Rapportering i årleg melding.
HV25-18	Kompetansenettverk for arbeid og helse	Utkast til mandat forleggast Helse- og omsorgsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet innan 30. september 2025 før det vert fastsett av dei tre samarbeidspartane. Rapportering på samla oppdrag i årleg melding. Det må gå fram av årleg melding nærmare informasjon om drift av nettverket, mellom anna deltaking og aktivitetar.
	Talet på kliniske behandlingsstudiar i helseføretaka som inkluderer pasientar i 2025 skal aukast med minst 15 prosent samanlikna med 2024.	Rapportering i årleg melding. Data skal bli oversendt på ordinært vis til NIFU som bereknar poeng.
	For 2025 skal regionane prøve ut rapportering på ny indikator for innovasjonsaktivitet.	Rapportering i årleg melding.
Den offentlege helsetenesta skal vere den føretrekne arbeidsplassen for fagfolka		
HV25-19	Breiddekompetanse	Rapportering i årleg melding. Kvantitativ og kvalitativ rapportering. Rapporteringa bør minimum innehalde planar for å oppfylle oppdraget, hindringar, framskrivne behov, tal på stillingar i breiddespesialiteter totalt og for LIS.
HV25-20	Oppgåvedeling	Rapportering i årleg melding.
HV25-21	Sjukefråvær	Det skal rapporterast på utviklinga i tertialoppfølgingsmøtet i juni 2025. Rapportering i årleg melding på forsterka arbeid, status og reduksjon i sjukefråvær, samanlikna med 2024-nivå.

HV25-22	Arbeidsmiljø og ForBedring	Rapportering i årleg melding.
HV25-23	Kompetanse i palliasjon	Rapportering i årleg melding.
Spesialisthelsetenesta bidreg til samfunnstryggleik og er førebudd på kriser		
HV25-24	Tryggleik og beredskap	Rapportering i årleg melding.
HV25-25	Rutinar for å vareta tryggleik i anskaffingar	Rapportering i årleg melding.
HV25-26	Arena for samarbeid om tryggleik i anskaffingar	Rapportering i årleg melding.
HV25-27	Informasjonstryggleik	Dei regionale helseføretaka skal presentere status frå arbeidet med å styrke informasjonstryggleiken, mellom anna leiinga si årlege gjennomgang, i egne felles årlege møter med Helse- og omsorgsdepartementet, samt i årleg melding.
HV25-28	Revisjon av regional handlingsplan for informasjonstryggleik	Dei regionale helseføretaka skal presentere status frå arbeidet med å styrke informasjonstryggleiken, mellom anna leiinga si årlege gjennomgang, i egne felles årlege møter med Helse- og omsorgsdepartementet, samt i årleg melding.
HV25-29	Vurdering av skybaserte løysningar	Rapportering i årleg melding.
HV25-30	Samfunnsansvar – klima og miljø	Rapportering i årleg melding.
	Rapportering på total overvakings- og intensivkapasitet ved ordinær drift og beredskapskapasitet.	Rapportering i årleg melding. Både absolutte tal og som del per 100 000 av befolkninga som regionen har ansvar for.
Annet		
HV25-31	Dokument 3:17 (2023–2024) <i>Arbeidsretta bistand frå styresmaktene til unge utanfor arbeidslivet</i>	Rapportering i årleg melding om samhandling mellom Nav og helsetenesta, jf. kap. 4.4.2. i dokumentet.
HV25-32	Dokument 3:12 (2023–2024) <i>Riksrevisjonens undersøkelse av</i>	Rapportering i årleg melding.

	<i>rehabilitering i helse- og omsorgstjenesten.</i>	
HV25-33	Dokument 3:13 (2023–2024) <i>Risikostyring i de regionale helseforetakene og helseforetakene.</i>	Rapportering i årleg melding.
HV25-34	Dokument 3:2 (2024–2025) <i>Riksrevisjonens treårsoppfølgingsundersøkelse av helseforetakenes forebygging av angrep mot sine IKT-systemer.</i>	Rapportering i årleg melding.
HV25-35	Evaluering av sjukehusbyggprosjekt	Rapportering i årleg melding.

2.3 Anna rapportering

Departementet legg til grunn at dei regionale helseføretaka bidreg inn i Helsedirektoratet si årlege rapportering på Meld. St. 23 (2022–2023) *Opptrappingsplan psykisk helse 2023–2033* med rapportering på relevante resultatmål. Tidspunkt for bidrag vert fastsett i samråd med direktoratet.